

## Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 16.09.2014

**Tom Skauge** sette på vegne av SV, A, SP, KRF fram forslag til endra pkt 2, 5 og nytt pkt 7.

Ny 2. setning i pkt 2.

Fylkesutvalet ber administrasjonen leggje fram plan og kostnadsoverslag for ei utvida trolleybusslinje 2 frå Indre Sædal til Oasen med sikte på byggjing frå 2015.

Endra pkt 5

Fylkesutvalet ber administrasjonen leggje fram plan og kostnadsoverslag for ei utvida trolleybussatsing i tråd med forslaga i moglegheitsstudien side 6-7.

Nytt pkt 7

Fylkesutvalet ber administrasjonen leggje inn plan for utbyggjing av trolleybuss i framlegg til ny bymiljøavtale.

**Alf Helge Greaker** sette på vegne av V, FRP, H fram forslag til endra pkt 5 og 6.

5. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen utgreie nærmere ei forlenging av trolleybusslinjer i mot Sædalen, Nesttun og Laksevåg.
6. I utgreiinga skal moglegheita for å få finansiering for forskings- og utviklingsprosjekt knytt til batteridrift for den nye strekninga mellom Sædalen og Birkelundstoppen inngå som mogleg alternativ til kontaktledningsanlegg. Satsing på kombinasjonsløysingar med trolleybussar og/eller andre e-bussløysingar vert vurdert på eit seinare tidspunkt, basert på erfaringane frå ei eventuell forlenging til Sædalen.

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling fekk ingen røyster og fall.

Tom Skauge sitt forslag til endra pkt i innstillinga fekk 6 røyster (SV, A, SP, KRF) og fall.

Alf Helge Greaker sitt forslag til endra innstilling vart vedteke med 8 røyster (V, H, FRP).

### Innstilling

1. Fylkesutvalet vurderer at elektriske bussar bør spele ei sentral rolle i Bergen i framtida, for å gje lågast mogleg utslepp frå bussane. Det viktigaste miljøbidraget vil likevel vere å få fleire til å reise kollektivt.
2. Fylkesutvalet ønskjer ei vidare satsing på trolleybussdrift i Bergen også etter 01.01.15. Det vert lagt til rette for drift av trolleybuss på dagens nivå i perioden frå 01.01.15 og fram til ny anbodskontrakt for Bergen sentrum vert sett i drift (2018, 2019 eller 2020 avhengig av opsjonsutløsing for eksisterande kontrakt).
3. Det vert lagt til rette for at dagens linje 2 i andre generasjons anbodskontrakt for Bergen sentrum skal driftast med berre trolleybussar. Fylkeskommunen kjøper inn tilstrekkeleg tal nye trolleybussar som vert leigd vidare til operatør.
4. Gjennomføring av vedtakspunkt 3 føreset at det vert inngått avtale med Tide Buss om overtaking av infrastruktur og at det vert inngått avtale med Bybanen AS om drift og vedlikehald av infrastrukturen. Avtale om kjøp av infrastruktur vert fremja som eiga sak for fylkestinget.
5. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen utgreie nærmere ei forlenging av trolleybusslinjer mot Sædalen, Nesttun og Laksevåg.

6. I utgreiinga skal moglegheita for å få finansiering for forskings- og utviklingsprosjekt knytt til batteridrift for den nye strekninga mellom Sædalens og Birkelundstoppen inngå som mogleg alternativ til kontaktledningsanlegg. Satsing på kombinasjonsløysingar med trolleybussar og/eller andre e-bussløysingar vert vurdert på eit seinare tidspunkt, basert på erfaringane frå ei eventuell forlenging til Sædalens.